



Mona Langenes
Langeneset 10
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/18890 - 20/81896

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
29.12.2020

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 60/2 Langenes

Tiltak: Ny grunneigedom
Byggjestad: Gbnr: 60/2
Tiltakshavar: Mona Langenes

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 09.12.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må dokumenterast utsleppsløyve eller førehandstilsagn til slikt. Søknad om førehandstilsegn kan sendast Alver kommune ved tilsyns- og miljøavdelinga. Eventuell rett til å føra avlaupsleidning over avgjevareigedommen eller andre eigedomar må sendast inn.
2. Det må forklarast nærare korleis vassforsyning er tenkt løyst. Eventuell rett til å føra vassleidning over avgjevareigedommen eller andre eigedomar må sendast inn.
3. Erklæring om veg- og parkeringsrett må sendast inn.

Du kan nytta vedlagte skjema til erklæring om rettar. Dette må fyllast ut i 2 eksemplar. Lat Bnr. I punkt 3A stå ope. Erklæringa vil verta sendt til tinglysing av landmålar om det vert gjeve delingingsløyve i saka.

4. Det vart i 2015 gjeve løyve til framføring av mellombels anleggsveg over det omsøkte arealet. Det vart stilt vilkår om at vegen skulle tilbakeførast inna 5.11.2017. Vi ber om tilbakemelding med status for tilbakeføringa.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **01.02.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
Avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

erklæring-om-rettighet_nyn

Mottakarar:

Mona Langenes

Langeneset 10

5912 SEIM